



Tryggheimhelsing

God påske



Et hundre år gammelt hjerte som banker for Tryggheim

s. 4-5



Menneskeknipsaren

s. 7



Fuglekviskraren

s. 10



Rektor har ordet



Gjermund Viste

Preikestol eller medvandring?

I februar var det igjen felles rektorkonferanse for skulane til Indremisjonsforbundet, Normisjon, DELK og Norsk Luthersk Misjonssamband på Gardermoen. Skuleeigarane prioriterte denne samlinga. Hovudkontora var representerte i leiinga av samværa.

Ser du dei 10.000?

Leiar for NLM Norge, Øystein Engås, fortalte i ein pause om misjonær Odd Åge Ågedal. Når han underviste 20 evangelistar i Etiopia, såg han lenger enn til dei 20. Han såg vidare til dei 10.000 som desse evangelistane skulle møte der ute. Det ga han ekstra motivasjon og glede i arbeidet. Slik skulle misjonsleiarane også få tenke om skulearbeidet. Dei reiste ikkje berre til Gardermoen for å treffe 58 skuleleiarar. Dei skulle også få tenke på dei mange hundre tilsette og ikkje minst dei mange tusen elevane rundt omkring på høgskulane, bibelskulane, folkehøgskulane, grunnskulane og dei vidaregåande skulane. Og knytt til elevane igjen er det like mange familiar!

Preikestol eller medvandring?

Eit viktig tema på rektormøtet var åndeleg leiarskap i skulekvardagen. «Er det fokus på preikestol eller medvandring?» var spørsmålet tre innleiarar skulle svare på. Dei svarta godt. Rektor på KVS Lyngdal, som er ein internatskule, ønskte begge delar som ein del av skulekvardagen. Han fortalte om den gode oppslutninga på torsdagsmøta som har vore eit hovudfokus på KVS Lyngdal heilt sidan starten i 1947. Dei hadde også opplevd åndeleg vekking slik at elevar vart kristne. Forkynninga av Ordet er viktig også på Trygghheim. Vi har nå i januar hatt besøk

av forkynnarane Marit Andersen og Lars Egil Fredriksen (som var russ for nokre få år sidan). Dei nådde inn til elevane på ein fin måte. Førre torsdag tala NLM Ung-leiar i Region Sørvest, Arnt Magne Granberg. Fint å sjå at elevar nyttar høve til ein åndeleg samtale. Ein annan kveld tala forkynnar Sverre Hovda. **Finst det berre ei sanning?** var temaet. Silje, som vart kristen i haust, opna så fint med å lese frå ei av Salmane.

Kva vil vi med skulane?

Anfinn Skaaheim hadde ei engasjert innleiing på eit slikt rektormøte for eit par år sidan. Han peika på visjonen som det berande i skulearbeidet. Visjon – noko du ser og festar blikket mot – noko du vil med skulen. Utan visjon er det lett for at arbeidet ramlar frå kvarandre. Ein må difor i skulearbeidet hjelpe kvarandre til å sjå noko, sjå det same – mot same mål. Det gjeld det faglege. Det gjeld det sosialpedagogiske. Og det gjeld det mest utfordrande - det å vere ein kristen skule, forklara Skaaheim. Kristne friskular må blankpusse kva dei vil. Dei må kjenne si historie. Dei må vere villige til å stille kritiske spørsmål – i høve til overordna mål. Dette er avgjerande for skulen si vidare utvikling. Her må skulane finne ein god balanse mellom visjonsfokus og skulekvardagen sine mange gjeremål. I dette er det også viktig med god rekruttering, heldt

Skaaheim fram, og peika på kvalifikasjonar som er heilt naudsynte på kristne friskular ut over det faglege.

Pedagogisk utviklingsarbeid

Vi har mykje å glede oss over. Her er god trivsel, og det er god tone og godt samhald i personalet. Vi er inne i eit godt skuleår med gode og konstruktive tilbagemeldingar frå elevar og foreldre. Vi jobbar no med resultat frå elevundersøkinga som blir presenterte på foreldredagen. Klasseleiing er framleis i fokus med stø kurs (læringsmål på tavla, læringsaktivitet og oppsummering). Vi innarbeider ein interessant og god Trygghheim-modell for skriving av fagtekstar (som vi nettopp presenterte for kollegaene på Lundeneset). Den gjeld skriving i alle fag! God tilbagemelding og læringsretta vurdering er også i år tema for skulebasert vurdering, denne vinteren saman med Lars Helle frå UiS. Psykisk helse og rus/alkohol er tema for elevane i løpet av skuleåret. Som de forstår er formålet med opplæringa vid og knytt både til grunnleggjande dugleikar, kunnskap og sosial kompetanse «Learning to know, learning to do, learning to live together and learning to be» (Lære å kjenne, lære å gjere, lære å leve saman og lære å vere). Dette er ut frå eit kristent menneskesyn og ei kristen forståing av røyndomen, slik at elevane best mogleg kan utvikle evnene sine og ta ansvar i samfunnet.

Ebola stoppa russen på veg til Elfenbenskysten

Elevrådet og russen har eit felles misjonsprosjekt der målet er å samle inn 600.000 kroner til Elfenbenskysten! Misjonsprosjektet er knytt til det NORAD-støtta bistandsprosjektet «Hope for all» innan Hiv/aids, betre helse og alfabetisering/skule. Det er også knytt til evangelisering. På grunn av ebola-viruset vart det diverre ikkje tur på elevane til Vest-Afrika, men dei er godt i gang med å samle inn pengar! I fjor samla dei inn imponerende kr 1.207.000,- til Indonesia! Tysdag 28. april vil russen og elevrådet arrangere misjonsløp til inntekt for prosjektet. Vil du vere med å støtte dette, vil du få høve til det!

Vi ønskjer å halde god kontakt med Trygghheimvenene, forbedarane, eigarane og misjonsfolket. Trygghheim har eit formål og ein visjon. Denne ønskjer vi å blankpusse både internt og saman med dykk. Tusen takk for omsorg og forbøn!

Dersom Herren ikkje byggjer huset, arbeider bygningsmennene til fånytte, Salme 127,1.

Kjært barn har mange navn



I hvilken ende skal jeg begynne for å kunne gi et ærlig bilde av personen Jesus? Hvordan kan jeg formidle at verdens allmektige Herre også er den ydmykte mannen som døde på korset for meg? Svaret mitt ligger fordelt i de mange navn som brukes om Jesus i Bibelen. Hjørnestein, Redningsmann og Livet er bare noen få eksempler. Summen av alle disse ordene rommer noe av spekteret som skildrer skikkelsen Jesus Kristus - og som styrker min tro.

En kontrast forklares som to motsetninger som settes opp mot hverandre for å understreke vesentlige forskjeller. Ofte er kontrastene uforenelige med hverandre som et enten på den ene siden, og et eller på den andre siden. Det ene utelukker som regel det andre. For eksempel: Hyrden og lammet. Sann Gud og sant menneske. Alfa og omega. Konge og tjener. Legen og den sårede. Æret og hånet. Død og oppstått. Hellig Gud og nær venn.

I møte med Jesus mister kontrastene mye av sin virkning, for samtlige av motpo-lene beskriver personen Jesus. Han er

ikke enten eller, han er både òg. For meg virker akkurat dét oppbyggende.

Uansett hvordan du forholder deg til de mange betegnelse på Jesus, håper jeg at Han først og fremst får være frelser i ditt liv. **"For det finnes ikke noe annet navn under himmelen, gitt blant mennesker, som vi kan bli frelst ved."** Apg. 4,12.

Det er ikke for ingenting at navnet Jesus betyr "Gud frelser."



Av Kjartan Håland

Et hundre år gammelt hjerte



Hun er født samme år som Alf Prøysen og Thor Heyerdahl, og akkurat to uker etter utbruddet av 1. verdenskrig. 11. august 1914 kom Maria Reime (nå Gya) til verden på Nærbø, der hun også har vokst opp og bodd meste parten av livet. Egentlig heter hun Anne Marie, men hele livet har hun bare kalt seg «Maria». Fortsatt klar i hodet, med noe nedsatt syn og hørsel, kommer den spreke 100-åringen seg lett frem med litt hjelp av gåstolen. Vi treffer henne på Hå alders- og sjukeheim på Nærbø, der hun bor på et lyst rom med sofa-gruppe og koselige bilder på veggene. «Og så går det an å se bort på Tryggheim fra toppetasjene her!» smiler hun. For Maria har gått på Tryggheim, og helt siden da har skolen hatt en spesiell plass i hennes hjerte.

■ Tekst og foto: Anne-Berit G. Aanestad

Et år på «Kinamisjonens ungdomsskule»

Maria gikk på Tryggheim skoleåret 1931-32, den gangen det ennå het «Kinamisjonens ungdomsskule». Hun bodde hjemme, og selv om de fleste elevene bodde på internatet, var de flere fra Nærbø i klassen. Datidens ungdomsskoler var en form for folkehøgskoler, selv om innholdet nok var mye mer teoretisk enn det er på folkehøgskolene nå til dags.

«Jeg gikk på barneskolen på Bø, og ett år på Tryggheim, og det er det jeg har av skolegang. Jeg var veldig glad i skolearbeid, og skulle gjerne ha gått mer på skole, men det ble aldri til det. Jeg likte meg veldig godt på Tryggheim. Den skolen var midt i blinken for meg!»

Maria Gya (100 1/2) følger fortsatt med på det som skjer på Tryggheim.

som banker for Tryggheim

Maria forteller at de hadde mest av vanlige skolefag som norsk og regning, og i tillegg hadde jentene håndarbeid og guttene sløyd.

«Vi fikk sy akkurat det vi ville, i tillegg til at noe var obligatorisk. Jeg kan huske jeg sydde meg en nattkjole. Den var fotsid, og vi måtte brodere et pent mønster rundt kragen og ermene. Jeg broderte en fin rose i halsen med blå tråd. I tillegg hadde vi kjøkkentjeneste. Det var som regel en uke om gangen, og da var vi med på alt, så vi lærte både å lage mat og å dekke bord. Jeg synes jeg lærte veldig mye det året på Tryggheim».

Kua til rektorfamilien

Da Maria gikk på Tryggheim, var Ragnvald Mugås rektor og bodde i rektorboligen sammen med kona Hanna og de sju barna. «De hadde ei ku», kan hun huske. «Når fru Mugås melket den, kom vi og så på».

Og mens dagens folkehøyskoleelever gjerne har både en og to utenlandsturer i løpet av skoleåret, var Tryggheimelvene på begynnelsen av 30-tallet aldri utenfor kommunegrensene i skolens regi.

«Vi var på noen mindre dagsturer enten ned til sjøen eller til Varhaug. Men det var aldri snakk om noen overnattingsturer».



Maria gikk på «Kinamisjonens Ungdomsskole» skoleåret 1931-32 som 17-åring.

Selv om hverken mannen eller døtrene har gått på Tryggheim, har skolen likevel spilt en stor rolle i familien Gya.

«Jeg har fulgt med Tryggheim hele livet», sier Maria fornøyd. «Vi var med på alt som skjedde av tilstelninger. Både jeg og mannen min har hjulpet til der vi har hatt mulighet. Spesielt om somrene når

det var sommerskole på Tryggheim - da hadde vi lærere boende hos oss i alle år. Vi bodde så nær skolen at de kunne bare gå bort før undervisningen startet om morgenen. Og så kan jeg huske at vi satt på et stort betonggulv i kjelleren på Tryggheim og skrelte poteter og grønnsaker til sommerskolen. Da var vi mange som hjalp til, det var veldig gildt og trivelig. Og så var vi selvfølgelig med på basarene. Jeg begynte tidlig å brodere duker til basaren.»

Det er fascinerende å høre hundreåringen fortelle om sitt «hjerterbarn». Hun har fulgt med på alt som har skjedd, og snakker bl.a. varmt om barnehagen som har blitt så fin. «Tryggheim er viktig for lokalmiljøet på Nærbø, og jeg har inntrykk av at folk er mer opptatt av skolen nå enn før. Det er en god skole, og det tror jeg folk merker seg.»

Det tynnes i rekkene

Maria nevner klassekameratene. De kom fra hele Jæren, Ryfylke og ennå lenger borte fra. «Men nå er det nok ikke mange igjen, jeg vet faktisk ikke om noen! Jeg tror kanskje det er bare meg», ler hundreåringen, og det har hun sannsynligvis rett i.

Da Maria gikk på Tryggheim, var Ragnvald Mugås rektor og bodde i rektorboligen sammen med kona Hanna og de sju barna. «De hadde ei ku», kan hun huske. «Når fru Mugås melket den, kom vi og så på».

Et livslangt forhold

Etter ungdomsskoleåret arbeidet Maria en stund hos en familie på Vigrestad der hun passet barna og gjorde husarbeidet. «Da fikk jeg god bruk for mye av det jeg lærte under kjøkkentjenesten på Tryggheim!»

Så giftet hun seg og fikk to døtre. «Da ble jeg hjemmевærende. Mannen min var byggmester og arbeidet lange dager. Det hendte jeg tok noen småjobber i blant, men jeg ville aldri ha noe fast».

Gevinstliste hovedtrekning Tryggheimbasaren 2015

| Nr | Gevinst | Lodd | Vinnerens navn: | Adresse |
|----|-------------------------|-------|--------------------------|-----------|
| 1 | Møbler Bohus | 14355 | Kenny Ueland Bøe | Nærbø |
| 2 | Reisesjekk SI-reiser | 13725 | Egil og Tove Skjørestad | Jørpeland |
| 3 | Gavekort Expert | 17709 | Johanna og Gustav Bø | Randaberg |
| 4 | Apple MacBook | 21490 | Ingunn Grude | Kleppe |
| 5 | Sykkel, Hybrid | 6912 | Reidun og Kjell Haughom | Tonstad |
| 6 | Symaskin, Janome | 513 | Marta Marie Ueland | Nærbø |
| 7 | Maleri av Odd Dubland | 530 | Kristin Elise Gilje | Kleppe |
| 8 | Kontorstol | 22649 | Ester Rosland | Finnøy |
| 9 | Dekket bord | 12998 | Målfrid Friestad | Nærbø |
| 10 | Kapp/gjæringsag | 24894 | Bjarne Vassbø | Bjerkreim |
| 11 | Gavekort | | | |
| | Fargerike Halvorsen | 10245 | Trygve Håland | Varhaug |
| 12 | Kobberpynt og puter | 24352 | Karstein Kjærvoll | Dirdal |
| 13 | Motorsag Hitachi | 21218 | Berteaa Jaasund | Sola |
| 14 | Gresstrimmer Hitachi | 542 | Gudrun Ånestad | Varhaug |
| 15 | Multiverktøy, Dewalt | 11692 | Alfhild Michelsen | Feda |
| 16 | Glasskunst | 4104 | Anna Søyland | Bjerkreim |
| 17 | Lysestaker Orrefors | 20434 | Lise og Sveinung Erland | Randaberg |
| 18 | Lysestaker Georg Jensen | 17753 | Marian og Halvor Helland | Sandnes |
| 19 | Trøtraktor | 40456 | Fam. Gaute Skrettingland | Varhaug |
| 20 | Drill | 4345 | Siri og Tormod Helland | Tonstad |
| 21 | Sirkelsag | 5392 | Ingbjørg og Einar Bøe | Vigrestad |
| 22 | Ullpledd | 21705 | Anne Brit Bjørhaug | Farstad |
| 23 | Kahler pynt | 11826 | Solbjørg Østereng | Nærbø |
| 24 | Grensaks | 12869 | Fam. Ragnar Fraffjord | Hommersåk |
| 25 | Lampe | 7124 | Helga Røyneberg | Nærbø |

Testar kunnskapen på direkten

I løpet av våren vil NRK Rogaland freista å finna fram til dei gløggaste tiandeklassingane i fylket gjennom konkurransen «Klassequizen», der elevane får 12 spørsmål på direktesendt radio. Tryggheim ungdomsskule har gjort det skarpt i tevlinga.

■ Tekst: Knut Reier Indrebø

Spørsmåla i Klassequizen har stort spenn, både i tematikk og vanskegrad. Då Tryggheim sine tre representantar var i elden i februar, vart resultatet 11 poeng av 12 moglege. Det einaste spørsmålet dei ikkje hadde riktig svar på, handla om namnet på ein såkalla «rosabloggar».

- Sjølv om eg ikkje er nokon motstandar av kunnskap, vil eg tru at elevane frå Tryggheim vil koma seg fint gjennom livet utan å vita kva bloggaren Sofie Elise heiter til etternamn, kommenterte programleiar Morten Nesvik etterpå.

Ei positiv oppleving

Kristoffer Heng, Karina Fløysvik Hæåk og Magnar Giljebrekke er ikkje usamde.

- Det gjer oss ikkje så mykje om me hadde feil på akkurat det. Spørsmåla er veldig varierte, og det er vanskeleg å førebu seg godt på absolutt alt, seier dei.

Å verta testa i kunnskap på direktesendt radio, var ei positiv oppleving.

- Det er artig med både quiz og radio, og programleiarane var veldig avslappa, så me stressa ikkje så mykje undervegs heller, seier dei.

Positivt for heile trinnet

Tryggheim sine representantar vart valde ut på grunnlag av ein eigen spørjekonkurranse på 10. trinn. Tilfeldigvis blei dei fire beste to gutar og to jenter, alle frå kvar sin klasse. Klassequizen er ei positiv oppleving for alle, meiner trinnleiar Øystein Varhaug.

- Det er kjekt å delta på noko utanom det vanlege, og som samstundes er samlande for alle elevane, ikkje berre dei som deltek. Det har også potensielt positive ringverknader på heile trinnet – avhengig av kor langt dei kjem, seier han.

Dei beste tiandeklassingane i Rogaland vinn 5000 kroner til klassekassa, og går vidare til landsfinale som blir sendt på NRK1 laurdag 23. mai.



Kristoffer Heng, Karina Fløysvik Hæåk og Magnar Giljebrekke skjems ikkje av å mangla namnet på ein norsk rosabloggar. Foto Gunnar Morsund-NRK.

Klarar du deg like godt som Tryggheim ungdomsskule sine elevar? Prøv deg på spørsmåla under!

Kina

1. Kor mange kuler eller brikker har kvar spelar i kinasjakk?
2. Kva to fargar er det i det kinesiske flagget?
3. Kva heiter hovudstaden i Kina?
4. Kva år arrangerte Kina OL; 1996, 2008 eller 2014?

Sofie/Sofia

1. I kva land er Sofia hovudstad?
2. Kva heiter niesa til Tante Sofie i Karde-momme By?
3. Kven har skrive boka «Sofies verden»?
4. Kva heiter bloggaren Sofie Elise til etternamn?

Skot

1. Kva krig starta med skota i Sarajevo?
2. Kva år er det skotår neste gong?
3. Kva kroppsdel vert ramma av hekkeskot; Kneet, magen eller ryggen?
4. Kva sport driv Darya Domracheva og Fanny Welle-Strand Horn med?

Svar:

- Kina:
 1. 10
 2. Gult og raudt
 3. Beijing
 4. 2008

Sofie/Sofia

1. Bulgaria
2. Kamomilla
3. Jostein Gaarder
4. Isaksen

Skot

1. 1. verdenskrigen
2. 2016
3. Ryggen
4. Skiskyting

Nye ansatte:



Namn: Signe Olava Lindefjell

Alder: 26 år
 Opphavleg frå Ålgård. Bustad no: Sandnes
 Tittel på Tryggheim: Miljøterapeut
 Underviser i/arbeidsoppgåver: Støtte i ulike fag
 Favorittmat: Heimelaga pizza!
 Interesser: Reisa, køyra motorsykel, baka litt, vera litt kreativ og ha kvalitetstid med familie og venner
 Oppteken av/brenn for: Eg vil vera med å peika på Jesus! Eg vil vera med å læra den unge den vegen han skal gå (sjå Ord. 22,6), og eg vil vitna om han som er vegen, sanninga og LIVET (Joh.14,6)!

Menneskeknipsaren

Dersom du kjem i nærleiken av Clement Størksen og fotoapparatet hans, er det stor fare for at han fangar deg på minnebrikka. Tiandeklassingen si største interesse er å ta bilete av menneske han går forbi på gata.

- Tekst: Knut Reier Indrebø
- Foto: Privat

Clement Størksen har allereie hatt sine egne bilete på utstilling både i Stavanger og London, og bileta hans illustrerer eit heilt kapittel i boka «Tørst», som no finst i bokhandlar over heile landet. Boka presenterer ei rekkje alkoholfrie drikkar, men aller helst vil altså Clement ta bilete av menneske.

- Eg likar å ta portrettbilete av folk, gjerne utan at dei veit om det. Då stoppar eg berre opp og tek bilete av dei. Eg har ikkje så stor sans for oppstilte og arrangerte bilete, men vil gjerne ha det ekte og verkelege, seier Clement. Han vil dokumentera levd liv gjennom stilen «Street photography».

- Eg er interessert i historia bak kvar person, og prøver å få det fram i bileta, seier han.

Ein annleis turistfotograf

Interessa for foto har etter kvart blitt både hobby og jobb. Nokre av bileta frå utstillingane har han selt, og i tillegg er han engasjert av Frelsesarmeen til å ta bilete av ulike produkt som skal seljast i organisasjonen sin nettbutikk.



Clement Størksen tek dei fleste bileta sine på reiser. Størst inntrykk gjorde reisa til Bangladesh. Foto Privat.



I løpet av ei vanleg veke vert det derimot lite tid til gatefotografering. Dei fleste bileta blir til når han er ute på tur. Far til Clement arbeider med bistandsarbeid i Frelsesarmeen, og tiandeklassingen har fått vera med på mange reiser.

- Der eg bur på Klepp stasjon, er det ikkje så mykje anna å ta bilete av enn kyr, men når eg reiser med pappa, er det mi oppgåve å ta bilete. På reise ser ein alltid noko nytt og spanande som ein kan fotografera, og eg kan nok vera litt irriterande å reisa på tur med fordi eg heile tida stoppar opp. Eg kan ta tusenvis av bilete på ein dag. Dei fleste bileta til utstillingane har eg difor teke i samband med Frelsesarmeen sitt arbeid.

Mykje er sjølvlært

Clement har lært mykje om fototeknikkar frå far sin og nokre av vennene hans, som er fotografar. For å læra seg korleis han brukar ulikt teknisk utstyr, har han lært mykje av å sjå filmar på Youtube.

- Men å finna ut kva som gjer eit bilete godt, er noko ein må læra sjølv. Til dømes å kunna sjå kva utsnitt som er gode, er noko ein må læra seg over tid. Eg må prøva meg fram, seier Clement.

- Kor går så vegen vidare for ein med slike interesser?

- Draumen er å bli fotojournalist, å få arbeida med å ta bilete av menneske og

prata med dei. Alle i klassen min forventar at eg skal gå medie- og kommunikasjon på vidaregåande, men akkurat no er eg faktisk mest freista til å gå på musikk. Eg kan enda opp som fotograf likevel, avsluttar Clement.



UNGE SKODESPELARAR



Heile Unge Spor-gjengen. Sarah fremst til høgre, Marthine midterst i første rekke.

- Me lærer aller mest om oss sjølve gjennom det me gjer i Unge Spor. Det seier Sarah Mellemstrand Byberg og Marthine Høiland Lode som går på høvesvis 2BU og 3ST på Tryggheim vgs. Måndagsettermiddagar er dei å finna i øvingslokala til Unge Spor, ein frivillig organisasjon på Bryne for ungdom mellom 14 og 25 år som kan og vil noko innan scenekunst. Her vert det drive med både skodespel, dans, musikk og media.

- Tekst: Bjørg Topnes
- Foto: Eirik Halvorsen, Unge Spor

Nyleg har dei sett opp forestillinga «Speil, speil på veggjen der», ein nymoderne versjon av Snøkvit som leiaren i Unge Spor, Iren Førland, har laga. Begge jentene opptredde som skodespelarar og

hadde sentrale roller i stykket. Marthine spelte ein av sju «dvergar» - i dette tilfellet kloakkfolk som skulle redde byen. Sarah var den vonde lakeien til hekka og måtte følgja hennar ordrar.

Ut av komfortsona

- Me lærer enormt mykje av dette, og faktisk mest om oss sjølve og kven me er,

er dei same om.

- Eg har blitt tryggare på meg sjølv, seier Sarah, og fortel at ho byrja fordi ho hadde lyst til å stå på scenen og spela skodespel. Etter søknad og audition fekk ho plass.
- Det er heilt fantastisk å vera med. Alle brenn for det same, og det er fint å gløyma alt anna og berre fokusera på skodespelet saman med dei andre, synest ho.
- Heile tida må me pusha grensene, meiner Marthine. Ordet komfortsone finst ikkje i Unge Spor.
- Dessutan lærer me stemmebruk, song og skodespel som me har bruk for i rollene våre. Andre driv med film, foto og lyd, og Unge Spor lagar alle kostymer, kulisser og rekvisittar sjølv. Ofte møter me to kveldar i veka: I tillegg til dei fem faste timane på måndagane kjem rigging og bandøving, og dessutan intensiv øving i vekene rett før forestillingane. Ingen kan seia at dette er latmannsliv.



Marthine H. Lode på scenen som ein av dei sju dvergane.



Sarah M. Byberg spelte den vonde lakeien.

Som ein familie

Unge Spor har halde på i nesten seks år. Sarah og Marthine er begge inne i det andre året sitt.

- Me kallar oss familie, alle i Unge Spor. Aldersspranget frå 14 til 25 eksisterer ikkje. Alle snakkar med alle, fortel Marthine.

- Eg reknar alle som like gamle, seier Sarah. Dei snakkar med innleving og engasjement, og har mykje på hjarta. Dette er noko dei brenn for. Med sikre og overbevisande stemmer fortel dei om kommande arrangement. For det er alltid noko på tapetet i Unge Spor. Den store årlege forestillinga er unnagjort i løpet av hausten, mens vårhalvåret byr på fleire mindre jobbar og prosjekt.

Vårprosjekta

Gruppa har alt begynt å øva på «Kardemomme by» som skal setjast opp på Jadarheim midt i juni. Dei har sunge på

julebord, hatt jobbar på kjøpesenter, og ser fram til «Vi kan, vi vil» som også er i juni. Det er ei forestilling med det beste frå mange forestillingar. Her lokkar dei med gratis inngang for elevlar i ungdomsskule og vidaregåande, med von om at fleire har lyst til å bli med i Unge Spor.

Framtida

Bli det skodespel på jentene også i framtida?

- Det kjem nok litt an på kor me bur. Så lenge me er på Jæren, vil me vera med i Unge Spor. I alle fall vera «hangarounds», trur dei begge.

- Det er jo vanskeleg å leva av å vera skodespelar, så det blir nok helst ein fritidsaktivitet, avsluttar Marthine.

Travle og engasjerte unge damer spring vidare for å få med seg litt lærdom også frå vidaregåande skule.

- Me kallar oss familie, alle i Unge Spor. Aldersspranget frå 14 til 25 eksisterer ikkje. Alle snakkar med alle, fortel Marthine.
- Eg reknar alle som like gamle, seier Sarah.

Fuglekviskraren



Geir Tjeltveit Fuglekviskrar stintefiskar og glad laks.



Liten fuggel - ferdig hypnotisert og ringmerka.

- Tekst: Knut Handeland
- Foto: Arkiv

Geir Tjeltveit er naturfag- og biologilærer på vidaregåande, og for tida leiar for lærarrådet. Han er ein mann med mange interesser, men han kvitrar spesielt friskt og lystig når naturen kjem på tale. Sjølv kan eg lite om slikt, men har lese at ein kan finne både fiskar og fuglar der. Ikkje eit vondt ord om naturen, eg har sjølv stått i vindaug og sett ut i naturen og hatt opplevingar. Han lever nærare desse tinga, og denne skilnaden gjer at samtalen med Geir difor lyt få ein forsiktig start med basis i kulturen:

Kva tenkjer du om sangstrofa:
«Men hvis eg ser ein liten fuggel,
så fyke lavt på gyline vinger,
då plukk eg an ner
med mine hender»

- Eg tenkjer ikkje så mykje, men blir glad av både tekst og melodi. Dette er ein av favorittane mine, saman med Tønnes sin "Little Foglen" og Stavangerensemblat sin "Foggel i dag".

Han nemner ikkje «O, Du som metter liten fugl», men slik eg kjenner han kjem den og svært høgt opp på lista.

Kva er det mest fascinerande med fuglar, tykkjer du?
- Eg likar at dei er nær meg, på fuglebrettet utanfor kjøkkenet og i fuglekassar nær huset. Fuglesongen om våren er gode vårteikn. Kjekt å kjenne igjen fuglar på songen, og å studere åtfærdane deira. For ein naturinteressert er det eit overkommeleg felt å setje seg inn i. Spennande om noko uvanleg dukkar opp på brettet.

Du har vist bilete av fuglar som du har hypnotisert, og demonstrert teknikken overfor biologielevane. Korleis gjer du dette, og kvifor kan det vere nyttig å hypnotisere fuglar og elevar og sånn?

- Å hypnotisere fuglar var det Ingvald på Tryggheim ungdomsskule som lærte meg. Han kan mykje meir om fuglar enn meg. Du fangar ein fugl (under ringmerking med Ingvald), held han roleg i handa slik at han ligg på ryggen, og teiknar sirkclar i lufta framfor hovudet til fuglen. Då ligg han heilt i ro, sjølv om du slepper taket. Nytteverdien kan sikkert diskuteras, eg er open for forslag. Reknar med at dei fulle hønene i filmen om Emil var hypnotiserte slik at dei låg i ro.

Har du vore ute for fuglar eller elevar som du ikkje har klart å vekkje opp att?
- Ikkje under hypnotiseringa. Men det skjer at fuglar flyg på vindauga heime, og det er ikkje alle som vaknar att. Dei hamnar i fryseboksen for nærare studiar i biologitimane. Skal snart dissekere ei lita samling saman med elevane.

Ut frå det Geir fortel om standardprosedyren sin, skjønar ein at elevar kan ha dobbel eigeninteresse av å halde seg vakne i timane.

Du er eigentleg meir interessert i fisk, veit eg, kvifor det?
- Eg har vakse opp ved kaien på Jelsa og starta tidleg med stintefiske. Sidan har det balla på seg. Spennande å få fisk på kroken, både smått og stort. Stor laks på kroken er berre heilt rått! Eit godt fiskeår inneheld isfiske og vårfiske på Høg-Jæren, laksefiske

og sjøfiske i Ryfylke, og fisketur på Hardangervidda eller Finnmarksvidda saman med kameratar. Sidan eg har ungar i rett alder, har eg også ein god grunn til å fortsette med min barndoms stintefiske - som eg eigentleg burde vere for vaksen til nå.

Har du forsøkt å hypnotisere ein fisk?
- Nei, men skulle gjerne hypnotisert ein stor laks i Espedalselva...

Kva er det eigentleg med denne naturen?
- Naturen er svært viktig for meg, og heilt avgjerande for min livskvalitet. Mange ressursar å hauste (fisk, bær, sopp mm), og mykje ein kan oppleve. Skulle ynskje me hadde meir urørt natur nær oss på Jæren. Herleg å dra på lange turar med fiskestong og kameratar, helst langt bort frå mobildekning...

Har du gjort deg nokre tankar om samanhengen mellom trua di, naturen, naturoppleving og naturforvaltning som du ønskjer å dele?

- Ja, eg tenkjer på at Gud har sett oss til å forvalte ressursane på jorda. Lurer på kva han tenkjer om forvaltninga vår. Me har også eit ansvar i forhold til generasjonane som kjem etter oss. Me skal gjera vel mot vår neste - dette inkluderer også komande generasjonar. Naturen må forvaltast slik at dei får same moglegheitene som oss til livskvalitet, opplevingar og til å hauste av naturen.

Me takkar Geir for gløtta av eit anna liv i det han forsvinn inn att i villmarka.

Tryggheimkalender

MARS

Man. 30. Start påskeferie

APRIL

30.3. –man. 6.4. Påskeferie

MAI

Fre. 15. Fridag

JUNI

Fre. 12. Avslutningsfest

TRYGGHEIMHELSING

Redaksjonskomité:

Kjartan Håland (redaktør)

Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)

Knut Handeland

Bjørn Topnes

Knut Reier Indrebø (ungdomsskolen)

e-postadresse: post@tryggheim.no

Kasserer: Elisabeth Krogedal

Bladet koster kr 100,- pr år.

Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS

Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)



Visste du at...



Rebekka Valand (ST 04-07) og **Kristian Berland** (ST 03-06) giftet seg 2. august.

Tore Grødem (ST 06-09 og lærer Tryggheim vgs våren -13) og **Rachelle Whitney Boot** giftet seg 2. oktober.

Per Ivar Wold (driftsleder) og kona **Ingebjørg** ble med sin rabarbrasaft laget på Køhler-Paviljongen, kåret som vinner av «Det Norske Måltid» i januar.

Juryens begrunnelse: «Vinneren er et flott og delikat produkt med nydelig farge og god smak. Produktets innhold har et godt samsvar mellom produktnavn og ingredienser.

Produktet er lekkert emballert, både når det gjelder flaske og etikett, og har en klar historisk og regional identitet.»

Vi gratulerer! Fortsett å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til aaanestad@tryggheim.no, SMS til 906 52 360 (Kjartan H.), eller ring eller skriv til skolen.

Nye ansatte:



Torgeir Bygstad

kommer opprinnelig fra Rosendal i Kvinnherad kommune. Nå bor han på Netland, ved Kverneland.

- Han er 31 år.
- Nyansatt lærer på Tryggheim vgs.
- Mannen fra Sunnhordland er satt til å undervise i norsk, samfunnsfag og kristendom.
- I matveien er han spesielt begeistret for avokado og oliven.
- Interesseområdet spenner mellom språk, og da særlig latin, via historie til en fottur i naturen.
- Torgeir brenner for å søke kunnskap og innsikt sammen med elevene. Samtidig må han stadig minne seg selv om ordene til Thomas av Kempen: «På dommedag kommer ikke Gud til å spørre om hva vi har lest, men hvordan vi har levd.»



Elisabeth Krogedal

er opprinnelig fra Hundvåg i Stavanger, men har slått seg til på Nærbø.

- Hun er 36 år.
- Hun er skolens nye regnskapsfører.
- Hun arbeider naturlig nok med regnskap og lønn.
- Pinnekjøtt er ubestridt matrett nummer en.

- Hun er glad i bøker og liker godt turer sammen med familie og venner.
- Elisabeth ivrer for familieaktiviteter og at barn skal få utfolde seg med sunne og gode aktiviteter innenfor bedehus/kirke og idrett.



Endre Urstad

er født og oppvokst på Bryne

- Han er 38 år.
- Han er nybegynner på Bygg- og anleggsteknikk hvor han underviser i teori og praksis.
- Av kulinariske tilbøyeligheter velger han enten en saftig cheeseburger og pommefrites med Coca-Cola på glassflaske (fra Guddy's gatekjøkken) eller en hjemmelaga biff m/fløtegratinerte poteter og Coca-Cola på glassflaske.
- Han lar seg lett fenge av alt som kan konkurreres i, og variasjonsbredden er stor – fra fotball, musikk og fisking til brettspill.
- I tillegg til lærerjobben her på skolen, arbeider Endre også som brannmann på Bryne. Ellers er han engasjert i Bedehuskirken på Bryne, leder av barnehuskirken og er med i huskirke selv. For øvrig trener han fotball-laget til Rosseland gutter 8 og er med i styret i Bryne Friidrett. Han ønsker å være en stolt Jesu soldat, og forsøker å la det være samklang mellom liv og lære. Det mennesker fyller livene sine med, det vil prege dem. Derfor er det viktig å bli fylt med det som er godt for å gjøre godt selv.



Tryggheimteamet syng på sjukeheimen.

Tryggheim Team

Borte i eit hjørne på sjukeheimen sit ein Tryggheimlev i drøs med ei spe og velstelt dame på 100 år. Andre elevar går og skjenkar kaffi og finn fram medbrakte vaflar til dei gamle. Samlinga vert avslutta med song – både gode gamle nasjonalsongar og kjende kristne songar. Det har ikkje vore så lett å få til ein samtale med alle dei gamle, men me ser dei synga med, og ser ei tåre koma fram i augo på ein når me syng «Navnet Jesus».

■ Tekst og foto: Magne Vatland
Teamkoordinator

Ei lita jente har reist på vinterleir, men har falt på isen som har lagt seg på vegen om

natta. Ein Tryggheimlev finn henne der ho ligg og gret, og kjem gåande med henne i armene. På same leiren trør andre elevar til og rettleier born som skal laga julegaver. Og på ein leir på Holmavatn går det sport i å henga seg fast i elevane – ungane klatrar på dei som apekattar, og rir på ryggen deira etter tur.

Dette er nokre gode minne frå dette skuleåret. Me kunne nemnt mange fleire: strålende elevar som kjem att frå besøk i fengsel, strålende kollegaer som har fått hjelp til søndagsskulen eller barnelaget dei driv. Uttrykket i andletet til elevar som innser at dei får vera med på noko stort og viktig. Det gjer ein skilnad for dei gamle å få besøk. Det gjer ein skilnad for born å få ein søndagsskule i nærområdet.

Etter mønster og inspirasjon frå to andre NLM vgs-skular har me på Tryggheim dette året starta noko me kallar Tryggheim Team. Me vil oppmoda og leggja til rette for at elevar kan få engasjera seg i ei frivillig kristen teneste, anten som leiarar i barne- og ungdomslag, som leirleiarar, eller i ei besøksteneste. Noko liknande har vore gjort i fleire år på Kvitsund og Lundeneset, men på

Tryggheim og Jæren er forholdsvis litt annleis, og me må gjennom prøving og feiling staka ut ein kurs for korleis ei teamteneste bør leggast opp her.

Me ynskjer å styrkja eksisterande barne- og ungdomsarbeid, og bidra til å starta nytt arbeid der det er behov og der me finn kontaktpersonar. Me syslar òg med tanken om å organisera utreisehelger, der elevteam reiser lengre av garde for å delta på møter, gudstenester og søndagsskular.

Det er flott å sjå elevar ta ansvar og vera til hjelp og støtte i ulike lag. Men dette handlar òg om noko som er minst like viktig: ikkje berre om kva elevane bidreg med; men òg om den erfaringa dei får med seg. Me vonar at det me gjer i Tryggheim Team kan bidra til å senka terskelen, og gjera det lettare for elevane å engasjera seg i liknande arbeid seinare, i dei bygdene og byane der dei etter kvart slår seg ned.

Ver med og be for dette arbeidet, for elevane som engasjerer seg, og for dei som får besøk. Og tips oss gjere om plassar der det trengst ei hjelpande hand.